



SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE/ IGANGSETTINGSLØYVE FOR BYGGING AV MINDRE AVLØPSANLEGG

Søknad om utsleppsløyve etter Forskrift om begrensing av forurensning (forureiningsforskrifta)

Søknad om igangsettingsløyve for bygging av mindre avløpsanlegg etter plan- og bygningslovas § 20-1.

EIGEDOM/ BYGGESTAD	KOMMUNE	GNR.	BNR	FNR.	SNR.
TILTAKSHAVAR (NAMN OG ADRESSE)	TLF	ANSVARLEG SØKAR (NAMN OG ADRESSE)			TLF
SIGNATUR	DATO	SIGNATUR			DATO

Søknad om utsleppsløyve for mindre enn 50 pe (personekvivalentar) vert handsama etter Forureiningslovas kap.12 og for utslepp på 50-2000 pe etter kap.13.

Søknaden må innehalde:

1. Opplysningar om avløpsanlegget skal etablerast og drivast i samsvar med krav i §§ 12-7 til 12-13, alternativt §§13-6 til 13-16, eller om det vert søkt om avvik frå desse krava. Det same gjeld i høve til eventuelle krav i godkjent reguleringsplan og/eller vass- og avlaupsplan. Prosjektering må gjerast av firma som kan dokumentere naudsynt kompetanse.
2. Dokumentasjon som viser utforming og drift av avlaupsanlegget.
3. Plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad innteikna på kart i høveleg målestokk.
4. Storleiken på utsleppet i pe. Jf. forureiningsforskriftas § 11-3 bokstav m.
5. Omtale av utsleppsstaden.
6. Opplysningar om interesser som kan bli påverka. (T.d. drikkevatt, rekreasjon eller næringsverksemd).
7. Oversyn over kven som er varsla i samband med søknaden.
8. Ved søknad om igangsettingsløyve må det leggst ved søknad om ansvarsrett og gjennomføringsplan. Jf. kap.23 i plan- og bygningslova.

Naboar og andre som saka gjeld (partar) skal varslast om innhaldet i søknaden. Kopi av varselet skal sendast kommunen samstundes med at naboar og andre blir varsla. I varselet skal det gå fram at eventuelle merknader må sendast til søkjar innan ein frist på minst 4 veker etter at varselet er sendt.

Søknad sendast til kommunen etter at merknadsfristen er gått ut, saman med kvittering på at varsel er sendt og med kopi av eventuelle mottokne merknader.